



Bruaset fortel, bak står Røysterett for alle

I Husneskyrkja laurdag ettermiddag kasta NRK-veteranen Oddgeir Bruaset lys over kjære julesongar innimellom vakker framføring av songane ved Røysterett for alle og Husnes Blandakor.

Bruaset kunne fortelja at det langt frå var sjølv sagt at salmar på nynorsk kunne framførast i norske kyrkjer i 1907.

Første song ut framført av Røysterett for alle var No koma Guds englar av Elias Blix, men prosten i Lårdal fekk avslag på søknad om dispensasjon for framføring av den. Kan hende var grunngjevinga at Vårherre ikkje tala landsmål

Men like ufortrødent fekk prost Sønniksen framført salmen på landsmål 1. juledag det året og jammen er det ein salme som har halde seg godt. Vårherre gjer vel i å venda øyra ned jorda når Røysterett for alle framfører denne og andre salmar med landsmålet som ein naturleg del av det musikalske arrangementet.

Bruaset visste å presentera spennande småstubar omkring kvar julesong som vart framført og slik henta fram dei aldrende klassikarane som vi er så glade i.

Sjangeren er ikkje akkurat prega av så mange nykomlingar, men historia om når En stjerne skinner i natt er historia om ein nykomling forfatta på 1990-talet, eller rettare sagt 17. mai 1992.

Kvifor diktarpresten Eiving Skeie skulle sysla med ein julesong på Nasjonaldagen kunne Bruaset forklara med at melodiforfattar Tore W. Aas skulle i studio og spela inn juleplate dagen etter og då var det berre å hiva seg rundt. Resultatet er jo framifrå og viser at julesongar like godt kan skrivast til rømmegraut og hornmusikk som til pinnekjøt og orgel.

Både Blandakoret og Røysterett for alle viste kva dei er gode for, under kyndig leiing av sine dirigentar. Maria Malmsten ar alt att hand om koret i nokre år medan Franz Roberg er ny i Kulturskulen frå i haust. Det vart ein vakker konsert der kora avløyste kvarandre fint. Reint praktisk vart dette løyst elegant, som ein umerkeleg spasertur medan publikum song julesongar frå programmet til piano av Frode Kaldestad. Kyrkja var fullsett nede medan det på galleriet kunne vore plass til 15 til.

Historia omkring Julekveldsvisa av Alf Prøysen sette denne inn i ei rame som gjorde vegen til stallet i Betlehem kort. Griskokken som vart visediktar og ein av våre fremste formidlarar kom frå små kår.

Tekst og foto: Magne Fitjar, HusnesNett



Røysterett for alle i Husneskyrkja